



Hordaland fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1097 - 17/18870

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

26.09.2017

## Orientering – etablering av innfartsparkering og gangveg Frekhaug

Viser til skriv om tilskot i forbindelse med opparbeiding av innfartsparkering for ca. 40 parkeringsplasser og ny gangveg på Frekhaug kai av 02.06.17.

Parkeringsplassen er no ferdigstilt, og den har heile 54 parkeringsplassar, dvs. betre kapasitet enn tidlegare meldt. 6 av plassane vil få ladepunkt for elbil. Etterkvart kan dette bli utvida til 14 plassar med ladepunkt.

Arbeidet med gangvegen er godt i gang, og vi reknar med at den vil vere ferdig i løpet av oktober. I samband med bygging av gangvegen har det vist seg at grunnforholda på delar av strekninga har vore uventa dårlege.

Kommunen antok at eksisterande fundament for gamalt fortau i tre var støpt på fjell, men den viste seg å ligge på store mengder lausmassar. På dette strekket var det i utgangspunktet planlagt å anlegge ein sprengsteinsfylling, men istadenfor har kommunen vore nødt til å støpe eit betongfundament og bygge ca 100 m<sup>2</sup> ekstra natursteinmur. Dette inneberer meir enn ein dobling av omfanget på natursteinmuren som var lagt inn i kostnadsestimatet. I tillegg vart det behov for eit lengre gjerde enn antatt. Ein annan tilleggskostnad er at eksisterande betongmur mot vegen er for dårleg, og dette må erstattast med godkjent mur (brurekkverk) i betong.

Desse tilleggskostnadene har ført til at kostnadsestimatet for gangvegen er auka frå 650 000 kr til mellom 1,2 – 1,4 mill kr. Prosjektet er i sluttfasen, og vi reknar med at heile kostnaden vil bli kjent i løpet av oktober/november.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tilsaman skal det byggjast omtrent 250 m gangveg. Gangvegen har vore utfordrande å bygge grunna bratt terreng og mykje behov for muring. Sjølv om det nye estimatet er ein betydeleg auke i opphaveleg kostnadsoverslag, gjev prosjektet framleis ein svært kostnadseffektiv gangveg med ein meterpris som vil ligge på rundt 5000 kr pr meter.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Harry Finseth

**Mottakere:**

Hordaland fylkeskommune